Olje- og energidepartementet (OED) Leikanger 01.10.2019

postmottak@oed.dep.no

Dette brevet vert sendt på vegne av: Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Norsk Ornitologisk Foreining Sogn og Fjordane og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

Høyring – NVE sitt forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land

Vi viser til brev frå Olje- og energidepartementet (OED), dagsett den 01.04.2019, om høyring av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Departementet ønsker innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme, og til om ein bør fastsette ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg. Vi føreset at begge desse spørsmåla her er knytt til vindkraft på land.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet organisasjonane gjer med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i aktuelle saker. Difor fremjar vi i dette notatet felles innspel til OED si høyring. Alle kjeldetilvisingar er løyst med fotnotar på kvar side.

Oversikt over strukturen i notatet:

- Oppsummering og konklusjonar
- 1. FNF Sogn og Fjordane sin resolusjon om vindkraft på land
- 2. Realitetsvurdering av dei utpekte vindkraftlokalitetane i Sogn og Fjordane
- 3. Bør OED fastsette ei nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg?

Vi innleiar notatet med ei oppsummering og konklusjonar av FNF sine synspunkt og merknadar. Hovuddelen av utgreiinga er vidare delt i tre delar. I den første delen viser vi til FNF sin resolusjon om vindkraft på land, og underbygger den basert på kunnskapsgrunnlaget både globalt og for Sogn og Fjordane fylke. I den andre delen gjer vi ein realitetsvurdering av dei tre analyseområda i Sogn og Fjordane, altså NVE sitt forslag til nasjonal ramme. I den tredje delen gjer vi ein vurdering av om OED bør fastsette ei nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg.

Oppsummering og konklusjonar

FNF Sogn og Fjordane har vedteke ein resolusjon om at det ikkje skal bli opna for fleire landbaserte vindkraftverk i norsk natur. FNF krev også at det blir gjort nye utgreiingar av konsekvensane for dei landbaserte vindkraftverka som allereie har fått konsesjon, men som enda ikkje er bygd ut. Grunngivinga er å sikre at omsynet til naturgrunnlaget og friluftslivet, inkludert jakt og fiske, blir teke vare på.

Den 6. mai 2019 kom det internasjonale naturpanelet IPBES med ein alarmerande rapport, som det er umogleg å sjå vekk ifrå, når ein skal vurdere spørsmålet om meir vindkraft på land. IPBES hevdar tapet av naturmangfald er aukande og vil ha alvorlege konsekvensar for menneske verda rundt. Gjennomgripande samfunnsendring må til, dersom vi skal klare å restaurere og beskytte naturen vår, hevdar både IPBES og det det internasjonale klimapanelet IPCC.

Det er openbert eit behov for å revurdere spørsmålet om det i det heile teke er politisk mogleg å legge til rette for vidare utbygging av vindindustri på land. Grunngivinga er dei alarmerande negative trendane i biodiversitet og økosystemfunksjonar globalt, også i Noreg og Sogn og Fjordane, og at IPBES seier at vi ikkje kan nå dei fleste samfunnsmessige og miljømessige mål med dagens kurs. Mål for 2030 og vidare kan berre bli oppnådd gjennom transformative endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar, hevdar IPBES. Dette må difor også bli vurdert i eit demokratisk perspektiv.

Basert på det kunnskapsgrunnlaget vi no har verkar det både sjølvmotsigande og svært risikofylt, om ein vel å følge ein politisk utvikling som vil forsterke tap av biologisk mangfald og svekke økosystemfunksjonane ytterlegare, når vindindustri på land krev svært store areal, mange ulike arealinngrep, og fører med seg irreversible endringar i naturen.

Difor oppmodar vi OED om å stanse all vidare utbygging av vindindustri på land, for å sikre at omsynet til naturgrunnlaget og friluftslivet, inkludert jakt og fiske, blir teke vare på. Det norske regelverket gjev heimel for å gjere dette, basert på kunnskapsgrunnlaget.

Det vil vere brot på § 112 i Grunnlova og føremålet i § 1-2 i energilova, om styremaktene vel ein politikk som strider mot kunnskapsgrunnlaget og samfunnsmessig rasjonelle omsyn. Vi grunngir kvifor vidare utbygging av vindindustri på land vil vere brot på regelverket, og kvifor det ikkje er samfunnsmessig rasjonelt å forringe naturen ytterlegare.

I realitetsvurderinga i del 2 rettar vi ein del krav til nasjonal ramme for vindkraft, om OED ønsker å fastsette ei nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg. Dei krava er som følger:

- Vi ber OED om å sjå på våre innspel frå 20.10.2018 på nytt, og vektlegge Riksrevisjonen sine rapportar om arealstatus og arealutvikling, usikkerheit om klimaeffektar av vindkraft, kunnskapen om tap av biologisk mangfald, arealendringar i inngrepsfri natur i Noreg (INON)[1], og openberre problem med konsesjonsprosessen for vindkraft i Noreg.

- Med dei hjelpemiddel (fugleradarar) som er til rådvelde må det vere eit krav at undersøkingar av fugletrekk blir gjort i heile influensområde frå hav til fjell før ein plan om utbygging av vindkraft vert vedteken. Det er ikkje at konsesjonen vert gjeven utan nokon kunnskap om trekkfugl, og at utbygginga held fram trass i at det er dokumentert at mange millionar fugl flyg gjennom områda vår og haust.
- Miljødirektoratet hevdar at det viktigaste avbøtande tiltaket er å unngå plassering på svært konfliktfylte lokasjonar.

- NRV må ta med konsesjonsgitte og allereie utbygde vindkraftverk og gjere ein strategisk konsekvensutgreiing (SKU), som vurderer sumverknad og samla last av alle tekniske inngrep med kraftutbygging av både vind og vatn som allereie er utført i lag med mogleg tenkte nye utbyggingar i analyseområde etter §§ 10 i naturmangfaldlova.[2]

---

[1] http://tema.miljodirektoratet.no/inon/

[2] https://www.researchgate.net/publication/309195875_Sumvirkninger_av_tekniske_inngrep_i_utmark_-_Kunnskapsstatus_Cumulative_Effects_of_Technical_Environmental_Incursions_-_State_of_Knowledge

- FNF støttar Miljødirektoratet i å be om at det utarbeidast kart som viser store samanhengande naturområde og viktige samanknytingslinjer mellom desse, knytt opp mot tekniske inngrep og korleis dyr og menneske nyttar desse områda. Eit slikt oppdatert kunnskapsgrunnlag vil og kunne ta opp i seg sambruken mellom landbruk, utmarksbeite, stølsdrift og stølar, jakt, fiske og friluftsliv.

- Vi vil sterkt rå i frå å bruke viktige jaktområde og viktige leveområde for viltet, til vindkraftanlegg.

- Kunnskapsgrunnlaget som skulle underbygge verdi og omfang av friluftslivsområde i utpeika område i NRV er enno særs mangelfullt. Metodikken i NRV som skal ta omsyn til ikkje pris-sette verdiar som friluftsliv ser for oss ut til å vere mangelfull. Vi ber difor om at kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv, og metodikk som inkluderar andre ikkje-prissette samfunns- og allmenne verdiar implementerast i nasjonal ramme.

- FNF meiner areala NVE har opna for i Nord-Hordaland, Gulen og Høyanger må ut av planen, til liks med kommunane sine uttalar.
- FNF meiner areala NVE har opna for i Sunnfjord og Sogn må ut av planen, til liks med kommunane sine uttaler.
- FNF meiner areala NVE har opna for i Nordfjord må ut av planen.
- FNF krev at eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for friluftsliv må vere på plass før ein kan konkludere for minst konfliktfylte analyseområde jmf NRV. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde etter metodikken i vegleiar M98-2013 må vere fullført i alle kommunar, kalibrert og godkjent av Miljødirektoratet.

- Samfunnsplanlegging som tek i vare dei miljømål regjeringa er forplikta til å følgje opp. Vurdering av samfunnsnytte og -økonomi må verte meir forutseielege for høyringspartar og i tråd med faglege retningslinjer frå OED og MD i 2007, og knytast tettare til desse slik at allmenne interesser og naturmangfald etter lova vert ivareteke.[3] *«Retningslinjene legger grunnlag for helhetlige og langsiktige vurderinger ved bruk av lovverket. På den måten blir lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg mer effektiv og forutsigbar for utbyggere, myndigheter og samfunnet for øvrig.»*

[3] https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/retningslinjer/t-1458.pdf

- Nasjonal ramme må inngå i ein heilskapleg vurdering der vindkraft land/hav og alle relevante alternativ for fornybar energi, samt ulike kjelder for oppvarming og nedkjøling og omfattande energiøkonomisering utgreiast.

- Vi ber om at konsesjonsprosessen stiller krav om at utbyggar i første fase må starte med ei formell melding, dialog og avklaring med kommune og fylkeskommune før ein vidare prosess med grunneigaravtalar kan kome i gang.

- Vi legg til grunn at ei nasjonal ramme for vindkraft på land skal vere føreseieleg både for allmenne og private interesser og omsyn, og i tråd med både regelverket og kunnskapsgrunnlaget. Ei nasjonal ramme for vindkraft kan altså ikkje vere eit verktøy for effektiv utbygging i seg sjølve, men må vere eit verktøy før å løyse reelle problem for ålmenta og samfunnet.

I del 3 grunngir vi at, om det tross all motstand og i strid med kunnskapsgrunnlaget og regelverket framleis er politisk fleirtal for å bygge meir vindindustri på land etter høyringa, så meiner FNF Sogn og Fjordane at det bør bli fastsett ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Ei slik ramme må i so fall vere basert på andre premissar, enn dei som no ligg føre i rapporten frå NVE.

Vi legg vi til grunn at ei nasjonal ramme for vindkraft på land skal vere føreseieleg både for allmenne og private interesser og omsyn, og i tråd med både regelverket og kunnskapsgrunnlaget. Ei nasjonal ramme for vindkraft kan altså ikkje vere eit verktøy for effektiv utbygging i seg sjølve, men må vere eit verktøy før å løyse reelle problem for ålmenta og samfunnet.

1. FNF Sogn og Fjordane sin resolusjon om vindkraft på land

FNF har vedteke ein resolusjon om at det ikkje skal bli opna for fleire landbaserte vindkraftverk i norsk natur. FNF krev i resolusjonen at det også blir gjort nye utgreiingar av konsekvensane for dei landbaserte vindkraftverka som allereie har fått konsesjon, men som enda ikkje er bygd ut. Grunngivinga er å sikre at omsynet til naturgrunnlaget og friluftslivet, inkludert jakt og fiske, blir teke vare på. Vi underbygger her dei to hovudpunkta i resolusjonen kvar for seg, men dei heng sjølvsagt saman.

1.1 FNF har vedteke ein resolusjon om at det ikkje skal bli opna for fleire landbaserte vindkraftverk i norsk natur.

Vi viser her først til innstillinga frå FNF Sogn og Fjordane, i innspelsrunden om regionale interesser, og våre merknadar i notatet som er dagsett den 20.10.2018[4]. På generelt grunnlag vil vindkraft på land vere i sterk konflikt med interessene til natur- og friluftslivsorganisasjonane, og vi har lagt til grunn dei globale klima- og miljøproblema og FN sine berekraftsmål i vår grunngiving i innspelsrunden.

Vi kan ikkje sjå at NVE har lagt vekt på våre faglege innspel, som svar på deira oppmoding om å gi fagleg informasjon av overordna karakter. Difor ber vi OED om å sjå på våre innspel i det notatet på nytt, og vektlegge Riksrevisjonen sine rapportar om arealstatus og arealutvikling, usikkerheit om klimaeffektar av vindkraft, kunnskapen om tap av biologisk mangfald, arealendringar i inngrepsfri natur i Noreg (INON)[5], og openberre problem med konsesjonsprosessen for vindkraft i Noreg.

Etter at NVE la fram forslaget til nasjonal ramme for vindkraft på land har kunnskapsgrunnlaget, som også ligg til grunn for FNF sin resolusjon, blitt enda sterkare stadfesta. Det er openbert eit behov for å revurdere spørsmålet om det i det heile teke er politisk mogleg å legge til rette for vidare utbygging av vindindustri på land. Særleg om ein legg økosystembasert forvalting til grunn, og det er økosystema som må ligge til grunn for samfunnsutviklinga, men også i eit demokratisk perspektiv.

Det demokratiske perspektivet har vi allereie i innspelsrunden nemnt knytt til konsesjonsprosessen, og kommer nærare tilbake til dei demokratiske prosessane i realitetsbehandlinga av vindkraftlokalitetane, i del to nedanfor. Her skal vi no ha fokus på biologisk mangfald og økosystema.

Den 6. mai 2019 kom det internasjonale naturpanelet IPBES med ein alarmerande rapport[6], som det er umogleg å sjå vekk ifrå, når ein skal vurdere spørsmålet om meir vindkraft på land. IPBES hevdar at tapet av naturmangfald er aukande og vil ha alvorlege konsekvensar for menneske verda rundt. Gjennomgripande samfunnsendring må til, om vi skal klare å

---

[4] http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201801666/2544283

[5] http://tema.miljodirektoratet.no/inon/

[6] https://www.ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm_unedited_advance_for_posting_htn.pdf

restaurere og beskytte naturen vår, hevdar IPBES. Miljødirektoratet[7] skriv følgande i sitt utdrag frå rapporten:

> Menneskeleg aktivitet har medført omfattande endringar i 75 prosent av miljøet på land, 50 prosent av elvene og 66 prosent av det marine miljøet. Tapet av naturmangfold akselererer, og flere arter er truet av utryddelse nå enn på noe annet tidspunkt i menneskets historie, ifølge rapporten. Av anslagsvis åtte millioner arter på kloden i dag er én million truet av utryddelse.
>
> 75 prosent av landområdene er vesentlig endret, 66 prosent av havområdene påvirkes i stadig sterkere grad, og 85 prosent av verdens våtmarker er tapt.

IPBES formidlar i rapporten at naturen tar vare på luftkvalitet, ferskvatn og jordsmonn, som er livsgrunnlaget vårt. Vidare distribuerer naturen ferskvatn, regulerer klima og skadedyr, gjev oss pollinering, og reduserer verknadar av naturlege farar. Til dømes er 75 prosent av den globale matavlinga inkludert frukt og grønsaker avhengig av pollinering, ifølge IPBES. Naturen underbygger alle dimensjonar av menneskeleg helse, og bidreg til ikkje materiell livskvalitet; inspirasjon og læring, fysiske og psykologiske opplevingar, og støttar identitetar som er sentrale for livskvalitet og kulturell integritet, sjølv om den samla verdien er vanskeleg å kvantifisere, hevdar IPBES. Det internasjonale naturpanelet seier at dei fleste bidraga frå naturen ikkje kan bli erstatta fullt ut av menneskeskapte eigedelar, og nokre av bidraga til vårt samfunn kan ikkje menneskeskapte løysingar erstatte i det hele teke. IPBES hevdar naturmangfaldet tar vare på menneska sine evner til å velje alternativ i møte med ei usikker framtid.

Frekvensen på dei globale endringane i naturen dei siste 50 åra er einestående i menneska si historie, blir det hevda i rapporten frå IPBES. Den direkte drivaren med mest innverknad har vore endringar i land- og sjøbruk. Deretter kjem direkte utnytting av andre levande vesen / artar, klimaendringar, forureining, og invasjon av framande artar. Det internasjonale naturpanelet seier desse fem direkte drivarane er eit resultat av ein rekke underliggande årsaker, dei indirekte drivarane, som igjen er understøtta av samfunnsverdiar og åtferd som inkluderer produksjons- og forbruksmønster, menneskeleg befolkningsdynamikk og trendar,

---

[7] https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2019/mai-2019/naturpanelet-akselererende-og-alvorlig-utvikling-for-naturen/

handel, teknologiske innovasjonar, og lokal og global styring. Farten på endringane i dei direkte og indirekte drivarane er forskjellig blant regionar og land, ifølge IPBES.

Det internasjonale naturpanelet seier at dei fleste samfunnsmessige og miljømessige mål for å bevare og bruke naturen berekraftig («Aichi Biodiversity Targets»[8] og «The 2030 Agenda for Sustainable Development»[9]), og oppnå berekraft, ikkje kan bli nådd med dagens kurs, og at mål for 2030 og vidare berre kan bli oppnådd gjennom transformative endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar. IPBES hevdar den raske nedgangen i biodiversitet, økosystemfunksjonar og naturens bidrag til menneska også vil undergrave andre mål, som er spesifisert i «Parisavtalen»[10] og «the 2050 Vision for biodiversity»[11] i FN. Dei negative trendane i biodiversitet og økosystemfunksjonar

blir anslått å fortsette eller bli verre i mange framtidige scenario som ein respons på indirekte drivarar; til dømes befolkningsauke, ikkje berekraftig produksjon og forbruk, og assosiert teknologisk utvikling.

Naturen kan bli bevart, restituert og brukt berekraftig, samstundes som ein oppfyller andre globale samfunnsmål gjennom nødvendig og samordna innsats for å fremme transformativ endring, ifølge IPBES. Det internasjonale naturpanelet seier at, sidan noverande strukturar ofte hemmar berekraftig utvikling, og faktisk representerer dei indirekte drivarane bak tap av biologisk mangfald, er det heilt naudsynt med ein slik grunnleggande strukturell endring. IPBES hevdar at det er naturleg at transformativ endring må forvente motstand frå dei som har eigne interesser i dei etablerte strukturane, men at ein kan få bukt med slik motstand til det beste for fellesskapet. Om ein får bukt med hindringar kan planlegging på tvers av sektorar og strategisk politikk bidra til å forvandle offentleg og privat sektor, for å oppnå

berekraft på lokalt, nasjonalt og globalt nivå. Det kan skje ved at ein forpliktar seg

til gjensidig støttande internasjonale mål, som støttar handlingar frå urfolk og lokalsamfunn, nye rammer for investeringar frå privat sektor og innovasjon, inkluderande og tilpassingsdyktige styringsmåtar og ordningar, hevdar IPBES.

---

[8] https://www.cbd.int/sp/targets/

[9] https://www.un.org/sustainabledevelopment/development-agenda/

[10] https://unfccc.int/process-and-meetings/the-paris-agreement/the-paris-agreement

[11] https://www.unenvironment.org/news-and-stories/story/towards-vision-2050-biodiversity-living-harmony-nature

Desse nøkkelfunna frå IPBES, om behovet for systemiske endringar i samfunnet og endringar i haldningane våre knytt til berekraftig samfunnsutvikling, blir også støtta i den siste rapporten frå det internasjonale klimapanelet IPCC, spesialrapporten «Global Warming of 1.5 ºC»[12].

Med bakgrunn i den omfattande og alarmerande kunnskapen frå det internasjonale naturpanelet er det naudsynt å sjå nærare på utviklinga i naturen i Noreg og Sogn og Fjordane fylke. Ifølge Artsdatabanken (2015) er fleire enn 4700 artar registrert på den norske raudlista. Det betyr at desse artane av ein eller annan grunn er truga av utrydding i Noreg. Ifølge raudlista er 75 prosent av artane truga av arealendringar, altså påverknad på deira habitat, medan 4 prosent er truga av klimatiske endringar. Vidare er det registrert 123 ulike naturtypar på raudlista i heile Noreg, ifølge Artsdatabanken (2018) .

Dersom vi ser berre på Sogn og Fjordane fylke er det registrert 541 artar på raudlista. Av desse er 83 prosent av artane truga av arealendringar, mens 7 prosent er truga av klimatiske endringar, ifølge Artsdatabanken (2015). Det er registrert 74 ulike naturtypar på raudlista, i heile Sogn og Fjordane fylke, ifølge Artsdatabanken (2018).

FNF Sogn og Fjordane har vedteke ein resolusjon om at det ikkje skal bli opna for fleire landbaserte vindkraftverk i norsk natur. Basert på det kunnskapsgrunnlaget vi no har verkar det både sjølvmotsigande og svært risikofylt, om ein vel å følge ein politisk utvikling som vil forsterke tap av biologisk mangfald og svekke økosystemfunksjonane ytterlegare, når vindindustri på land krev svært store areal, mange ulike arealinngrep, og fører med seg irreversible endringar i naturen.

Difor oppmodar vi OED om å stanse all vidare utbygging av vindindustri i norsk natur, for å sikre at omsynet til naturgrunnlaget og friluftslivet, inkludert jakt og fiske, blir teke vare på. Det norske regelverket gjev heimel for å gjere dette, basert på kunnskapsgrunnlaget.

[12] https://www.ipcc.ch/site/assets/uploads/sites/2/2019/05/SR15_SPM_version_report_LR.pdf

Det vil vere brot på § 112 i Grunnlova[13], som ifølge høgsterettsadvokat Pål W. Lorentzen er «et fyrtårn for «det grønne skiftet»»[14], og føremålet i energilova[15], om styremaktene vel ein politikk som strider mot kunnskapsgrunnlaget og samfunnsmessig rasjonelle omsyn.

Føremålet i § 1-2 i energilova seier at: *«Loven skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt».*

Grunnlova § 112 seier at:

> Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.
>
> Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet.
>
> Dei statlege styresmaktene skal setje i verk tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane.

1.2. Krav om nye utgreiingar av konsekvensane for dei landbaserte vindkraftverka som allereie har fått konsesjon, men som enda ikkje er bygd ut

FNF Sogn og Fjordane har i sin resolusjon stilt krav om at det blir gjort nye utgreiingar av konsekvensane for dei landbaserte vindkraftverka som allereie har fått konsesjon, men som enda ikkje er bygd ut.

NVE hevdar at kravet til aktsemd basert på naturmangfaldlova er oppfylt i sin rapport. Her viser vi difor både til ny kunnskap etter at NVE la fram sin rapport, og peikar også på svake vurderingar av NVE knytt til prinsippa om berekraftig bruk i naturmangfaldlova. NVE har

---

[13] https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn/§112

[14] https://grunnloven.lovdata.no/index.php/artikkel/Grunnloven%20%C2%A7%20112%20%E2%80%93%20et%20fyrt%C3%A5rn%20for%20%C2%ABdet%20gr%C3%B8nne%20skiftet%C2%BB

[15] https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-06-29-50/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

bekrefta i rapporten at utgreiingsinstruksen, miljøinformasjonslova, naturmangfaldlova og internasjonale konvensjonar gjeld for vedtak om nasjonal ramme for vindkraft på land, som eit *fagleg råd*. Vurderingar av ny kunnskap må difor også gjelde for dei konsesjonane som allereie er gitt, men ikkje bygd ut, om det skal bli tatt omsyn til ny kunnskap, slik NVE hevdar i sin rapport. Dei konkrete konsesjonane fell dessutan også innunder forskrift om konsekvensutgreiingar.

Dei områda det dreier seg om i Sogn og Fjordane er store og stort sett inngrepsfrie fjellområde, som er med i planen. Felles for alle dei tre områda er at kunnskap om fuglelivet er svært mangelfull. Dette gjeld både kva som er av stasjonær fugl og fugl på trekk.

Eit kartutsnitt frå «Artsobservasjoner» i området mellom Viksdalen og Sognefjorden viser at det ikkje finst registreringar i det heile av fugl i området over skoggrensa.



Kartutsnitt fra Artsobservasjoner.no syner at det ikkje er ein einaste registrering av fugl frå fjellområdet Gaular og Høyanger i tida 2000-2019

Det har vore liten tradisjon for fugleundersøkingar med radar langs kysten i Norge. Det har berre vore gjort ein radarundersøking ved Nesje på Bremangerlandet før vindkraftkonsesjonane vart gjevne, og denne undersøkinga var i utgangspunktet meint i høve utredning av høve for vindkraft i havet og konsekvens for sjøfugl. Denne registrerte og

noko aktivitet inn over land av andre artar. Stein Inge Refvik som hadde lokalt ansvar for radaren kunne og fortelje om ein del fugl som ikkje vart registrert av radaren.

I konsesjonsprosessen med vindkraft på Bremangerlandet og Guleslettene[16] har det vorte utført radarundersøkingar som stadfestar eit betydeleg trekk av landfugl over land og særleg gjennom dalføra og dei lågaste, tryggaste landpassasjane.[17]

Sett i lys av det som no skjer i dei konsesjonsgitte områda langs kysten ved Guleslettene, Lutelandet, Bremangerlandet, Hennøy og Okla, der ein kjem inn med radarundersøkingar av fugletrekket etter at konsesjon er gitt, med resultat som truleg ville ekskludert dei aktuelle vindkraftutbyggingane, om kunnskapen var kjent under handsaminga av konsesjonane. Det er ikkje akseptabelt å peike ut område for vindkraft med så manglande kunnskap på avgjerande felt som her er tilfelle.

Som kjent er fugl som lever i fjellet av dei fuglegruppene som er under press, og har størst tilbakegang.[18]

Hønsefugl

Eit døme på kva sårbare og verdifulle verdiar som ligg i dei aktuelle fjellområda er ein observasjon rett aust for det aktuelle området i Høyanger, frå Eriksdalen der det var observert 450 fjellryper i ein flokk 29/9 2001. Begge rypeartene våre er raudlista (NT), i tillegg til at dei har status som nasjonale ansvarsarter. Rypene er stasjonære fuglar som er utsette for kollisjon med vindmøller, og vi veit alt for lite om konsekvensane ved den type store utbyggingar i fjellområde, som det her er snakk om.

Rovfugl

Både kongeørn og jaktfalk er arter som høyrer naturleg inn i dei fjellområda som er utpeika. Utbreiinga av desse sårbare artene er ikkje kjent og det er naudsynt med kartlegging før store samanhengande fjellområde vert tekne inn i vindkraftplanane som det er gjort her.

Det er sannsynleg at ein rypespesialist som jaktfalken er til stades i områda, med dei rypeflokkane som er observert i områda. Jaktfalken er og ein norsk ansvarsart.

---

[16] https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2618762

[17] file:///C:/Users/Lisbeth/Dropbox/FNF%20(1)/Nasjonal%20ramme%20vindkraft/Innlegg/1585.pdf

[18] https://onlinelibrary.wiley.com/doi/abs/10.1111/gcb.14522

Sporvefugl

Store flokkar med trost rastar og feitar seg opp på bær i fjellområda om hausten. Omfanget varierer med tilhøve i veret og tilgang på næring, men dette er ein typisk årviss aktivitet som ein lyt ta omsyn til. På denne tida streifar trosteflokkane rundt og er utsette for kollisjon med vindmøller i ein relativt lang tidsperiode,

Fugletrekk

Som dei ferske radarundersøkingane frå Guleslettene i Bremanger viser er det eit betydeleg trekk av fugl over fjellområde inn frå kystlinja. Ein indikasjon på kor brei front fuglane trekker over er trekkruta til 12 merka grågås, som er registrert med satellitt, der faktisk 6 av 12 individ som då truleg er med i større flokkar trekker over fjell langt innanfor den ytre kystlinja. Mellomstore og små fuglar med mindre energiressursar trekker truleg i eit smalare spor for å unngå høgfjell, noko fylkesmannen i Vestland sterkt har understreka ovanfor NVE. Difor vil vindkraftverk langs ytre deler av fastlandet i fylket vere særleg skadelege for denne gruppa.

Figur 57. frå NINA Rapport 1693. Trekkrutene sørover langs norskekysten for 12 satellittmerkede grågjess under høst- trekket i 2012-2013. (neste side)



At dette biletet er gjeldande for mange arter veit vi ut i frå observasjonar, og at vèrtilhøve, vår/hausttrekk mm har stor påverknad på kva trekkruter fuglane velger.

I tillegg til vår og hausttrekket nord og sør langs kysten veit vi lite om trekk som går frå indre strøk utover mot kysten. Store bestand av spurvefugl som hekker i fjord og fjellområda våre kan ha trekkruter ut langs fjordane mot kysten, men og over fjellområda som går parallelt med fjordarmane.

Nokre av dei viktigaste våtmarksområda for fugl i Sogn og Fjordane ligg i dei områda som er med i NRV. Det gjeld mellom anna Skor NR[19] og Sørestrandvatnet NR[20]. (Begge under 3km2). Vindturbiner i fjellområda rundt desse våtmarksområda, og dalføra som dei ligg i, vil kunne ha ein vesentleg barriereeffekt for fugl som søker mot områda på trekk og i hekkesesongen. FNF krev difor at trekkrutene til fugl som søker mot viktige leveområde for fugl blir kartlagt og at det vert lagt inn harde ekslusjonar med gode marginer der ein forventar at fugl kan bli hindra å nå viktige leveområde.

Dette gjeld også dalføra som leier mot viktige våtmarksområde rett i utkanten av dei utpeika vindkraftområda, td Skilbreidvatnet NR[21].

Krav:

Med dei hjelpemiddel (fugleradarar) som er til rådvelde må det vere eit krav at undersøkingar av fugletrekk blir gjort i heile området frå hav til fjell før ein plan om utbygging av vindkraft vert vedteken. Det er ikkje akseptabelt å komme i same situasjon som ein no er i på td Guleslettene, der konsesjonen vart gjeven utan nokon kunnskap om trekkfugl, og der utbygginga no held fram trass i at det er dokumentert at mange millionar fugl flyg gjennom området vår og haust.

Miljødirektoratet hevdar at det viktigaste avbøtande tiltaket er å unngå plassering på svært konfliktfylte lokasjonar. Relevant oppdatert kunnskap på eit fagleg forsvarleg nivå vert heilt avgjerande. Viser og til Fylkesmannen i Vestland sin klage på MTA-plan for Lutelandet.

FNF meiner til liks med Fylkesmannen i Vestland at NVE i fleire saker i fylket ikkje har tatt omsyn til korkje tilgjengeleg kunnskap og informasjon, og ikkje minst ny viktig informasjon som bør vere avgjerande for sakshandsaming av vindkraftverk. Lutelandet, Guleslettene,

---

[19] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001287

[20] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001266

[21] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001329

Bremangerlandet og Okla (til dels også) Hennøy er alle vindkraftsaker der mangelfulle data og utilstrekkeleg biologisk kompetanse pregar fleire ledd i sakshandsaminga, frå konsekvensutgreiing til konsesjonsavgjerd og MTA-planer. Dette fører slik vi ser det til at kapittel II i naturmangfaldlova ikkje blir følgd opp på forsvarleg måte. Vi meiner også at NVE systematisk har brote retningslinjene som NVE og OED utarbeidde i 2007 som var tydelege på at viktige haust og vårtrekk for fugl skal takast i betraktning ved etablering av vindkraftverk[22].

4.4.1 Lokalisering

I et overordnet arealperspektiv, som nasjonal ramme for vindkraft, vil utpeking av en utbyggingslokalitet kunne forstås som et avbøtende tiltak, der mindre problematiske lokaliteter velges fremfor dem med høy konflikt.

Knyttet til enkeltprosjekter gir dette mindre mening ettersom prosjektene normalt kommer til konsesjonsbehandling uten noe direkte valg mellom ulike lokaliteter. I dette tilfellet er det å unngå å bygge ned eller forstyrre verdifulle arealer innenfor utbyggingsområdet, som er den avbøtende oppgaven. Valg av veitraséer og turbinplasseringer er typiske eksempler i prosjektene, og primært et tema for detaljplanleggingen.

For fugl anser vi det overordnede lokalitetsvalget som det viktigste konflikt-dempende grepet. Ut over dette vil det være adskillig å hente på gjennomtenkt prosjektavgrensning, turbin-plassering og veiføring. Generelt bør det tilstrebes å legge egnede lokaliteter



Figur 3: Avbøtingshierarkiet. Merk: Innholdet i de ulike nivåene vil være avhengig av geografisk nivå

Miljødirektoratet (notat om fugl, 2018) peikar på at det det viktigaste tiltaket for å avgrense negative verknadar av vindkraftindustri på fugleliv er å unngå viktige knutepunkt for trekkfugl.

22

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-vindkraft/id472954/

Hekkeplass Blåstrupe, norsk ansvarsart ved Guleslettene

Blåstrupe, dokumentert hekking her i åra 2012 – 2019 ved Langevatnet på Guleslettene. Hekkeområde er sterkt forringa:

Langevatnet, Guleslettene.

Sumverknad og samla last:

Fugletrekk langsmed kysten etter radardokumentasjon merka med grå ringer.

Planlagte og konsesjonsgitte vindkraftverk merka med røde ringer.

FNF meiner det er brudd på både naturmangfaldlova og Bernkonvensjonen når ein rekkje av vindkraftverk langs kysten vert lagt etter kvarandre midt i hovudleia for trekkande fugl.

Dette har også Bernkonvensjonen sitt sekretariat teke opp med Norge i tilknyting til Smøla vindkraftverk, og har etterspurt ein meir ansvarleg forvaltning etter Bernkonvensjonen.[23]

[23] http://tema.miljodirektoratet.no/no/Tema/Internasjonalt/Internasjonale-avtaler/Bernkonvensjonen/

Føremålet i naturmangfaldlova § 1 seier at:

> Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

Bernkonvensjonen. Recommendation No. 144 (2009)

Bernkonvensjonen: «Continue to develop regional plans which are subject to Strategic Environmental Assessment (SEA), in line with the national guidelines, taking into account cumulative effects on a wider scale, as well as carrying out the conflict assessments required for each project."

Svar frå norske myndigheiter (2016) til «Recommondation No.144 (2009):

«There is reason to believe that in the development of the national framework for onshore wind power, it is possible to take more into account the cumulative effects on a wider scale than in the regional wind power plans."

Krav

NRV må ta med konsesjonsgitte og allereie utbygde vindkraftverk og gjere ein strategisk konsekvensutgreiing (SKU), som vurderer sumverknad og samla last av alle tekniske inngrep med kraftutbygging av både vind og vatn som allereie er utført i lag med mogleg tenkte nye utbyggingar i analyseområde etter §§ 10 i naturmangfaldlova.

Oppfølging av Bernkonvensjonen, Den Europeiske landskapskonvensjonen og Retningslinjer for planlegging og bygging av vindkraftverk OED MD, 2007 må inngå i arbeidet.

Vilt og jaktbare arter

Vi har ikkje gått konkret inn på kvart enkelt område som er foreslått i nasjonal ramme for vindkraft, med tanke på jakt og jaktutøving, so vi vil kommentere det generelt.

Både leveområda for viltet og jaktområde er under press. Særleg gjeld dette vilt som treng urørte naturområde som leveområde. Det er derfor særs viktig å verne om natur utan tunge tekniske inngrep.

Jakt er ofte knytt til dei same områda. Og jakt betyr i denne samanhengen både rekreasjon, utnytting av naturressursar, ta vare på kulturarv og verdiskaping.

Særleg gjeld dette småviltjakt i fjellet. Som til dømes rypejakt. Vi ser at viktige og populære jaktområde for rypejakt allereie er "kverrsett" til vindkraftanlegg, og langt på veg har mista sin verdi som jaktområde.

Krav

Vi vil derfor sterkt rå i frå å bruke viktige jaktområde og viktige leveområde for viltet, til vindkraftanlegg.

2. Realitetsvurdering av dei utpekte vindkraftlokalitetane i Sogn og Fjordane

Her gjer vi ein realitetsvurdering av dei vindkraftlokalitetane som er peika ut i Sogn og Fjordane, uavhengig av FNF Sogn og Fjordane sin resolusjon i del 1.

2.1 Kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv er ikkje oppdatert sidan 1980-talet.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kom seint i gang med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane i høve den nasjonale satsinga. Registreringane som er gjort i samband med arealdelen til fylkesdelplanen og FRIDA-registreringane på 1980-talet er det kunnskapsgrunnlaget som no er tilgjengeleg i fylkesatlas for 18 av 24 kommunar[24]. Berre 6 av 24 kommunar, etter kommunestrukturen fram til 2018/2019, har oppdatert og publisert kunnskap om friluftslivsområde for sine areal. Mykje av kunnskapsgrunnlaget som må ligge til grunn for tema friluftsliv manglar. Ser ein på de utpeika analyseområda i NRV er kunnskapsgrunnlaget særs lågt. Kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv er pr. no betre utanfor de utpeika analyseområda.

Ser ein på kommunane der kartlegging og verdsetting er gjennomført , og samanstiller desse nyleg kartlagde områda med de gamle registringane er det tydelege endringar å sjå. Konklusjon er at mykje er endra sidan midten på 1980-talet, bruksområde, omfang, ulike typar friluftsliv, verdsettinga ikkje minst og det paradigmeskiftet som ligg i metodikken til Miljødirektoratet i vegleder M98-2013, der det nære friluftslivet der folk bur no kan verdsettast høgt etter bruken mot at det før berre var dei nasjonalt og regionalt viktige områda som oppnådde høg verdi.

[24] https://www.fylkesatlas.no/

Friluftsliv er ein identitetsmarkør for svært mange[25] og landskapet vi bur i og driv friluftsliv i er ein viktig del av vår identitet,[26] seier og Sigmund Hågvar professor emeritus NMBU.

Miljødirektoratet har og spilt inn til NRV kartleggingsbehov s.91 fagrapport om tema friluftsliv:

«Friluftslivskartlegginga i norske kommunar bør ferdigstilles. Vidare at det er trong for ein kalibrering av verdiane sett av kommunane utifrå frå kor ulikt de har nytta desse.»

Miljødirektoratet ber og om at det utarbeidast kart som viser store samanhengande naturområde og viktige samanknytingslinjer mellom desse, knytt opp mot tekniske inngrep og korleis dyr og menneske nyttar desse områda. Eit slikt oppdatert kunnskapsgrunnlag vil og kunne ta opp i seg sambruken mellom landbruk, utmarksbeite, stølsdrift og stølar, jakt, fiske og friluftsliv.

Nærleik til natur og gode høve for å drive friluftsliv i både kvardag og helg i fri natur er for mange i bygdene ein vesentleg og viktig del av livet, men det er berre ein by i landet som til no har eit formelt vern av sine nærfriluftslivsområde gjennom Markaloven. Sjølve omgrepet friluftsliv er og nyare i mange område der naturen har vore ein naturleg del av livsgrunnlaget inklusive jakt, hausting og sanking, aktivitetar som no fell inn under omgrepet. Mange unge har desse verdiane og friluftsliv djupt forankra og uttrykker sorg over tap av verdifull eigenart og natur ved deira heimstad i høve vindkraft. Vi høyrer stadig utsegn som: «Vi flytter ikkje heim om naturområda vert utbygd til vindindustri».

Tilgang til intakt natur og nærfriluftsliv er såleis viktig i eit vidare perspektiv enn friluftsliv og folkehelse. Tal frå Ungdata viser at Sogn og Fjordane har høgast skor på lokalmiljø nasjonalt [27]. «*Nærmiljø er en samlebetegnelse for de ulike fysiske og sosiale forholdene i et **lokalmiljø**. Nærmiljøet omfatter blant annet trafikkforhold, samfunnsmessige og kommersielle tjenester, barns lekemuligheter og mulighetene for **friluftsliv**.»*

---

[25] Miljødirektoratet Fagrapport friluftsliv NRV

[26] https://www.dagsavisen.no/debatt/natursorgen-1.1552555

[27] http://www.ungdata.no/Lokalmiljoe/Fornoeyd-med-lokalmiljoeet



Mer om tema nærmiljø:

«Dagens ungdom vokser opp i en globalisert verden der mennesker, meninger og inntrykk vandrer på tvers av landegrenser og sosiokulturelle skiller. Samtidig har det lokale og tilhørigheten til nærmiljøet fremdeles stor betydning i menneskers liv.

Å vokse opp betyr å vokse opp på et bestemt sted, og forskjellige lokalmiljøer kan gi ulike muligheter for utfoldelse og sosialt samvær.

Tilbudet av organisasjoner, fritidstilbud og kulturtilbud påvirker individuell utfoldelse og bidrar samtidig til å skape identitet og tilhørighet i et lokalmiljø. ***Det samme gjelder tilgangen på åpne møteplasser, rekreasjonsområder og urørt natur.*** *Opplevelsen av lokalmiljøet vil også være preget av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.»*

Attraktivitet knytt til natur og friluftsliv har ofte særs stor verdi for bygdene i Sogn og Fjordane, for folkehelse og trivsel, for både tilflytting og heimflytting, og som identitetsmarkør.

Friluftsliv er den faktor som har størst effekt på vår totale helsetilstand ifølge rapporten frå Nordisk ministerråd 2009 «Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse». Nyare norske rapporter har prøvd å talfeste den store samfunnsøkonomiske vinsten av dette.

Krav

Kunnskapsgrunnlaget som skulle underbygge verdi og omfang av friluftslivsområde i utpeika område i NRV er enno særs mangelfullt. Metodikken i NRV som skal ta omsyn til ikkje prissette verdiar som friluftsliv er mangelfull. Vi ber difor om at kunnskapsgrunnlaget for friluftsliv, og metodikk som inkluderar andre ikkje-prissette samfunns- og allmenne verdiar implementerast i nasjonal ramme.

I arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» har Miljødirektoratet i ei rekkje temarapportar vist til at det føreligg kunnskapsmanglar. I rapporten M-1262 viser Miljødirektoratet til at det føreligg «*en betydelig usikkerhet*» og at det berre er der direktoratet har hatt sikker kunnskap at dei har kunne grunngje ein eksklusjon. Som vist over føreligg det manglar i nasjonale og regionale datasett. Stortinget sin føresetnad er at «Nasjonal ramme for vindkraft på land» skal bidra til å «dempe konflikter» og skape «forutsigbarhet» for lokalsamfunn og utbyggere, jf. Innst. 401 S (2015-2016).

Det er eit alminneleg forvaltningsrettsleg prinsipp at «*saken skal være så godt opplyst som mulig*». Vi ønskjer difor å bidra med nye opplysingar i saka, som vi meiner er av betydning for vurderinga av det faglege grunnlaget gjeldande friluftslivinteresser i området. Vi ber NVE om å vektleggje desse faglege opplysingane i arbeidet.

2.2 Realitetsvurdering av de konkrete føreslegne områda i NRV.

Etter at NVE sende NR på høyring i april, har utbyggarar med voldsom intensitet oppsøkt grunneigarar over heile landet innanfor dei føreslegne områda. I område 49, til eksempel, har utbyggingsselskap som Zephyr, Fred Olsen renewables og BKK allereie gjort ei rekke avtalar med grunneigarar som er villige til å avstå grunn til vindkraft mot betaling:



Grøn strek rammar inn område 49. Raud sirkel markerer eit område som NVE har sagt dei vurderer å take ut av nasjonal ramme. Blå områder er areal kor utbyggjarar allereie jobbar med konkrete prosjekt for vindkraft.

Tette vegnett, turbinstøy, lyssetting og ein industrialisert natur fører til ei sterk degradering av frilufts- og naturverdiane i heile analyseområdet. Ei så omfattande industrialisering av samtlege større fjellområde innafor eit analyseområde vil medføre varige landskapsendringar, fragmenterte økosystem, tap av biotopar og fortrenging av sårbare artar. Blenkande og roterande turbinar vil også verte synlege frå all høgare toppar i vestlege del av Sogn og Fjordane og difor sterkt redusere natur- og friluftsverdiane i fylket.

Når kommunane som har areal i føreslegne analyseområde er negative til dette, er verdien av friluftslivsområde, naturmangfald og samanhengande urørt natur nemnt som viktige. Også fordi desse verdiane i tillegg til sin eigenverdi er viktige for folk sin identitet, bulyst, trivsel, folkehelse, eit naturbasert reiseliv og næringsliv.[28]

Alle tre analyseområda i SF vert nytta til og er viktige for folk sin utøving av friluftsliv. Naturen som ligg nærast busetnad har naturleg nok større bruk enn områda som ligg lengre i frå. Det er i nærnaturen ein finn flest merka stiar, trimpostar og registreringar. Nærfriluftslivet er det vi driv oftast, medan områda lengst unna er viktige for det langsame og tradisjonelle friluftslivet, for jakt, fiske og beitebruk. Områda har ikkje lægre verdi i seg

[28] https://s3-eu-west-1.amazonaws.com/turistforeningen/files/a5649a32c9500008179b9c05ba5082047a20ff15.pdf

sjølv av di det er færre folk der, heller tvert om. Våre siste frie større naturområde utan større inngrep og tilrettelegging vert stadig sjeldnare.[29]

Frå Årsmeldinga til Sogn og Fjordane Turlag finn ein slikt oversyn over tal turpostar og besøk. I høve folketal er aktiviteten høg. Merk at ikkje alle er talde opp.

Trimpostane til Sogn og Fjordane Turlag har slikt besøk, sett i høve eit folketal i SF på 108 965 personar i 2014.

2016 – 291.052 deltakarar på 338 postar, men 31 ikkje talde, så talet er større, ikkje alle skriv seg inn.

2017 – 289.054 deltakarar på 338 postar, men 31 ikkje talde, så talet er større, ikkje alle skriv seg inn.

2018 – 257.607 deltakarar på 334 postar, men 86 ikkje talde opp.

Mange lokale idrettslag og bygdelag har også utsett trimpostar. Ein del av desse nyttar systemet georeg.no for å registrere besøk på postane. Vi veit også at mange vel å ikkje skrive seg inn i eller registrere sitt besøk på postane.



Georeg.no oversyn over postar og geografisk kva for lokale lag som nyttar georeg.no i SF:

[29] https://resett.no/2019/07/26/lars-monsen-om-vindkraft-det-er-ingen-skam-a-snu/

Nord-Hordaland, Gulen og Høyanger kommunar

Oversikt over kartlagde friluftslivsområde: Nord-Hordaland, Gulen og Høyanger kommunar





Inngrepsfrie naturområde INON, i analyseområde 50 og 49 og samanfall vindressurs i same område.



Figur 79: LCOE-kart for området. Bakgrunnskart: ©Kartverket.



Georeg.no oversyn over georegistrerte postar i analyseområdet.

Gulen kommune

Gulen kommune er ein del av Nord-Hordaland sitt UNESCO Biosfæreområde[30]. Kommunen har kome langt i arbeidet med kartlegging og verdsetting av sine friluftslivsområde, men er ikkje ferdige. Det er nettverk av turruter og trimpostar i store delar av kommunen, jamfør georeg.no og jakttradisjonane er viktige. Ytre Sogn turlag er særs aktive og nyttar store delar av kommunen og nabokommunar til friluftslivsaktivitetar. Stordalen, nord-aust for Matre, er ein inngang til Stølsheimen og eit viktig område for både dei som bur her og for tilreisande. Fjella er omringa av busette bygder der den frie naturen er ein viktig livsnerve for folk som bur der.

Gulen kommune skriv godt i sin fråsegn til NRV kor viktig friluftslivet er for innbyggarane, for bulyst, reise- og næringsliv. Gulen kommune er sterk motstandar av vindkraft i sine areal.

[30] http://unesco.no/nordhordland-har-blitt-norges-eneste-unesco-biosfaereomrade/

Støttemarsj for Dalsbotnfjellet i Gulen under OED sin synfaring knytt til klagehandsaming av gitt konsesjon, som var den første synfaringa frå NVE og OED sin side knytt til heile konsesjonshandsaminga av Dalsbotnfjellet.

Krav

FNF meiner areala NVE har opna for i Nord-Hordaland, Gulen og Høyanger må ut av planen, til liks med kommunane sine uttalar.

Sunnfjord og Sogn

Sjå kart over, for oversikt kartlagde friluftslivsområde og INON i Nord-Hordaland, Gulen og Sunnfjord.

LCOE-karta viser overlapp for god vindressurs med større samanhengande inngrepsfrie naturområde og friluftslivsområde.



Figur 75: LCOE-kart for området. Bakgrunnskart: ©Kartverket.

Askvoll kommune

Kommunen har ikkje kartlagd og verdsett sine friluftslivsområder. Området nord for Dalsfjorden er eit større samanhengande relativt inngrepsfritt område som er særs viktig for friluftsliv. Markante og populære toppar her er Blægja; Storehesten og Kvamshesten i aust, medan området vestover har mange stølar og eit DNT-rutenett knytt til hyttene Nipebu og Massbu. Nipebu ligg om lag midt i fjellområdet og er mykje brukt, også av skuleklassar, og av både lokale og regionale brukarar. Fem ulike innfallsportar og stiar tek deg hit. Frå Fossevika via Fossedalen til Kringla og Eitrenipa og til Massbu. Fossedalen Nipebu og Markavatnet er mykje brukt, noken går om Fossedalshengenipa. Fossevika, Fløyen og Heileberget. Dette er eit særs viktig turområde i regionen.

Lenger aust er områda frå Blægja og innover Heileberget, Storehesten og Kvamshesten mot Langeland er også mykje brukt turområde, sommar og vinter. Vest i frå Langeland skistadion går milelange oppkøyrde løyper som er viktige for regionen og mykje brukt. Stor trafikk og eige skibuss.

Askvoll kommune i uttale til NRV; kommunen ser ikkje sine område eigna for vindkraft.

Nipebu *DNT* [31], Massbu *DNT, Skaraly Dagsturhytte*[32] *og tilhøyrande rutenett. Områda og toppane nordom er også særs viktig vinterutfarts-, ski- og toppturområde.*



Fjaler kommune

Kommunen har starta opp arbeidet med kartlegging og verdsetting av sine friluftslivsområde, men vert ikkje ferdige til 1.okt, men vil prøve innan 2019.

Sør for Dalsfjorden er det nær eit samanhengande markaområde frå bygdene og opp til fjella med ulike bustadnære stiar. Desse er viktige for nærfriluftsliv. Bygde- og idrettslag har merka ein rekke stiar her. Områda lenger sør knytt til fjellet Taket og Styggeheia er eit særs viktig område for både enkle og lengre fjellturar, både sommar og vinter frå ulike sider av fjella. I

[31] https://ut.no/hytte/10198/nipebu

[32] https://www.sfj.no/gaular-skaraly.6172016-430892.html

påsken og for vårskiturar er dette eit viktig utfartsområde. Fjaler kommune ser heller ikkje sine utmarksområde i NRV eigna for vindkraft.

Hyllestad kommune

Laviksåta er eit sentralt utsiktspunkt og viktig turmål i området som ligg innafor analyseområdet. Vidare nordover Robba, Blåfjellet og Høgenova som alle har merkte ruter. Viser og til registreringane i georeg over trimpostar i bruk lengre nord og aust i kommunen. For bruken i andre fjellområde er kunnskapen enno dårleg . Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er ikkje utført. Hyllestad kommune ser heller ikkje sine utmarksområde i NRV eigna for vindkraft.

Høyanger kommune

Status kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde: Høyanger kommune har avslutta høyring av arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunen, områda lagt ut i høyringa finn de her [33]: Arbeidet vert ferdigstilt innan 2019.

Lavik IL har laga sitt eige turkart med innteikning av turruter og turpostar. Dette området går frå Vadheimsfjorden til kommunegrensa Hyllestad og Fjaler og viser stort omfang av turruter i eit avgrensa geografisk område.

[33] https://www.hoyanger.kommune.no/_f/p6/i840f894d-fdcb-4af2-a216-928b21066e90/hoyringsbrev.pdf.

Bjordal og Søreide IL har òg mange turpostar, men her er det ikkje laga eige kart. Dei har teke i bruk elektronisk registrering av turpostane. Sjå figur over eller på http://georeg.no/.

Turkarta Høyanger Vest DNT og Høyanger Aust DNT er frå 2014 og har med dei fleste turrutene som pr. i dag er merka/varda og skilta i områda, men dei er ikkje heilt oppdaterte. Nesse grendelag lagar sommartrim med poengsanking for alle turane, desse registrerast i georeg.no og er eit godt eksempel i å vise kor viktig naturen og friluftslivet er for folkehelse og ikkje minst trivsel i bygdene.

Sognefjorden sett frå Høgkusen på Kyrkjebø. Foto: Ove Hatlestad Solaas.

Turkart Indre Sunnfjord viser og kvista vinterløyper i områda frå Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger sentrum og nordover. Opp til og rundt vatna Storevatnet, bergsvatnet, Trollebotnsheia og Svarthamrane nær Blåfjellet, Monsdalsvatnet Monsdalen forbi Djupedalsnova Sollinova og til Jæmdalsnova mot Snøheiaog mot Storholsheiane i aust, rundt Stolen og Botnafjellet, over Skingerfjellet til Skarfjellet ned til Gautingsdalen nedunder Havren knytt til sentrum. Frå Gaular fjellet kjem preparert skiløypa inn vestom Høgegga og sørover mot Storholsheia. Denne går frå Lyngstad og Oppedal i Gaular kommune. Høyanger kommune ønsker ikkje sine areal med i analyseområdet for NRV.

Gaular kommune

Frå Gaularfjellsvegen og Gaula går det stiar og merka ruter til fjells alle stadar der topografien tillate det.

Hestadfjorden sett frå Snøheia. Foto: Ove Hatlestad Solaas.

Populært og mykje brukt. Flott tur- og skiterreng vestover frå Snøheia. Foto: Ove Hatlestad Solaas.

Frå Sande og nordaustover går stiane i dalane opp i fjella til Myrmelsnipa, Grønefjellet, Klungeren, Skudalsstølen, Kjeldstadnakken, Vågsdalen til Gøyvinga, Sengafjellet og Svarteknippa, og Holsnipa med kanskje flottaste utsikta i Viksdalen?

Gaular kommune ønsker ikkje vindkraft i sine utmarksareal.

Analyseområdet Sunnfjord og Sogn er ikkje eigna

Utbygging i området vil komme i eller nær heimelandskapa for folk. Det er ikkje gjennomførleg å få aksept for vindturbinar i snaufjellet her. Dei sørlege delane ligg nær Sognefjorden, med dei ikoniske verdiane denne fjorden har for mange, ikkje berre dei som bur der. I verda er dette særeigen natur med store opplevingskvalitetar.

Krav

FNF meiner areala NVE har opna for i Sunnfjord og Sogn må ut av planen.

Sunnmøre og Nordfjord

Oversikt over kartlagde friluftslivsområde: Vågsøy, Selje og Eid kommunar



Kommunane Selje, Vågsøy og Eid har ikkje kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde. Kunnskapsgrunnlaget lagt til grunn for analyseområdet er difor særs mangelfullt.



Figur 71: LCOE-kart for området. Bakgrunnskart: ©Kartverket.



Samanfall urørt natur, friluftslivsområde og god vindressurs.

Området har berre att fragmenterte INON område sone 1, og har mykje krevjande topografi, men har mange toppar som er populære turmål. Hanekammen, Sankta Synnevahornet, Hestedalsvatnet, Alskartinden, Kvamefjellet/Høgehornet, Berstad-Rimstad , Tarvaldsegga, Trollevassnyken (grensefjell), Dua og Duestøylen. Duestemnet er ein gamal tradisjon der nordfjordingar og sunnmøringar møtest. Andre populære toppar er Staurdalsegga, Kvanndalsegga og Svartevatnet i Kjølsdalen er populær Turbotrim. Områda aust for

Trollvassnyken i nord til Felden og aust til Egga er knytt til løypenettet kring Harpefossen skisenter med stor aktivitet.[34]

Området i analyseområdet Nordfjord som ligg i Sogn og Fjordane er mykje nytta og viktig for det lokale og regionale friluftslivet. Kva område som har høgst verdi A og eventuell verdi B, vil først ein kartlegging og verdsetting av områda kunne differensiere.

Også her står viktige miljøinteresser på spel, sjølv om NVE meiner de er mindre enn i store delar av landet. Søraust på Stadlandet ligg det viktige kulturminne; i den austlege delen er terrenget krevjande. I si grunngjeving skriv NVE at området kan gje plass til små eller mellomstore anlegg på nokre, spreidde fjell. Dette inneber lite konsentrert utbygging, som alt i alt vert synleg i stor vidde.

Krav

FNF meiner areala NVE har opna for i Nordfjord må ut av planen.

Merk for alle tre analyseområde i SF: Overlapp område med god vindressurs, gjenværande inngrepsfrie naturområde og attraktive friluftslivsområde. Regjeringa har som mål å ivareta *«større område med urørt preg»* jamfør dei 23 måla sett av Klima- og miljødepartementet der 95 indikatorar vert nytta for å sjå korleis Norge oppfyller måla. Miljømål 1.1 *«Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester».* Ein av indikatorane for dette miljømålet er miljøindikator 1.1.8. *«Utvikling i areal i inngrepsfrie naturområde».* Status er dårleg, utviklinga negativ. Dette vert og stadfesta i rapport Vestland, statistikk og utviklingstrekk i kap.5.2. om naturmangfald.

Kjelder friluftsliv:

Opptur Sogn og Fjordane, Anne Rudsengen og Finn Loftesnes , 267 fotturar i SF

Turkart Askvoll, Kystarven kartblad nummer 3, utgitt 2013

Turkart Hyllestad-Fjaler, Kystarven kartblad nummer 1, utgitt 2012

Turkart Gulen, Kystarven kartblad nummer 2, utgitt 2013

Turkart DNT nordeca, Høyanger Aust og Høyanger Vest, begge utgitt 2014

Turkart DNT nordeca Indre Sunnfjord, ajourført 2011

[34] https://www.harpefossen.no/

Norge-serien nordeca Stad, ajourført 2015

Planleggingskart Sør-Norge DNT nordeca,

www.Ut.no

www.georeg.no

Munnleg informasjon frå lokalkjende i turlag, i kommunar og eige kjennskap til friluftsliv i fylket.

Årsmeldingane til Sogn og Fjordane Turlag, oversyn aktivitet alle lokallag og grupper.

Krav

FNF krev at eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for friluftsliv må vere på plass før ein kan konkludere for minst konfliktfylte analyseområde jmf NRV. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde etter metodikken i vegleiar M98-2013 må vere fullført i alle kommunar, kalibrert og godkjent av Miljødirektoratet..

Metodikk for implementering av ikkje prissette allmenne verdiar må takast inn i rammeplanen.

Arealbruk

Det er grunn til å legge vekt på at dei areala som er med i rammeplanen, i stor grad ligg i område utan større tekniske inngrep frå før. Miljødirektoratet meiner eit nytt vindkraftverk typisk vil ha eit planområde på 100 dekar pr. MW, som tilsvarer 30 km^2 pr. TWh med full produksjon i 3400 timar pr. år. 30 TWh vil etter dette krevje 900 km^2 – 0,3 prosent av landarealet. Dette verkar gjerne ikkje dramatisk. Men det meste av landarealet er frå før omgjort og utnytta til ulike føremål, til dels ved store omkalfatringar.

I 2013 var 11,6 prosent av landet villmarksprega natur, det vil seie areal som ligg fem kilometer eller meir frå større, tekniske inngrep. I Sør-Noreg var talet 4,9 prosent. Rundt 1900 låg halvparten av Noreg i kategorien villmarksprega. Den andre halvdelen hadde busetting, nokre enkle vegar, litt jarnbane og ei og anna telegrafline. Det fanst knapt nok industrielle tiltak utanfor busette delar. I skogane hadde det vore hard rovdrift sidan 1500-talet, men etter hogst fekk marka ligge og grodde etter kvart til att. Dei siste hundre åra har vore ei hardhendt industrialisering av nye areal, sterkt akselererande etter krigen. Det har gått hardt ut over all inngrepsfri natur, ikkje berre den villmarksprega. Areala utan større, tekniske er bortimot halvert sidan tidleg på 1900-talet. Ei slik utvikling let seg ikkje sameine med ambisjonane om å ta vare på artane og deira leveområde. FN slo i vår alarm fordi så enormt som ein million artar lever i fare for å forsvinne. Det brenn frå grunnen livsens store hus.

Vi er klar over at rammeplanen, så langt vi kjenner til, ikkje femner om villmarksprega areal. Men nedgangen i denne kategorien er eit resultat av at inngrep har trengt seg inn fri natur

som ligg nærare tidlegare store, tekniske tiltak. Plasseringa av turbinane, med permanente vegar og anna som følgjer med, er som regel sentralt i inngrepsfrie område, altså i restane av det som er att. Med sprenging, fyllingar, drenering av myr og anna fuktig mark er vindkraftverk gjennomgripande endringar av naturen. Reduksjonen av opplevingsverdiane er dramatiske, det går tydeleg nok fram av dei sterke, folkelege reaksjonane over heile landet. Ein ting eg at vindkraftanlegg går ut over turområde som er ettertrakta av tilreisande. Mange av dei lokale motstandarane over alt er menneske som står i fare for å misse kvalitetane i sine heimelandskap. Fjella og skogen er ein del av deira kultur, ofte frå barnsbein av, dei er det nære og kjære. Utbygging av vindkraft i nemneverdig omfang påfører mange menneske tap av opplevingar som er viktige for dei.

2.3 Oppdatert kunnskapsgrunnlag INON 2018 – Miljødirektoratet 2019

Det arbeidast nå med kartlegging av status for inngrepsfri og villmarkspreget natur per januar 2018. Nye data vil bli publisert hausten 2019.

Krav

Samfunnsplanlegging som tek i vare dei miljømål regjeringa er forplikta til å følgje opp.

Vurdering av samfunnsnytte og -økonomi må verte meir forutseielege for høyringspartar og i tråd med faglege retningslinjer frå OED og MD i 2007, og knytast tettare til desse slik at allmenne interesser og naturmangfald etter lova vert ivareteke.[35]

«Retningslinjene legger grunnlag for helhetlige og langsiktige vurderinger ved bruk av lovverket. På den måten blir lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg mer effektiv og forutsigbar for utbyggere, myndigheter og samfunnet for øvrig.»

Verknader for naturen og andre samfunnsinteresser

NVE har, med støtte av notat frå Miljødirektoratet og Riksantikvaren, levert eit kunnskapsgrunnlag. Direktorata har identifisert ei rekkje negative effektar av vindkraftutbygging. Dette er innsikt som må få til følgje at NVE set mykje strengare krav til breidda og djupna i den kunnskapen som søkjarane skal levere som ein del av konsesjonssøknadene. Eksisterande kunnskap om artar og naturtypar er i store område svært mangelfull. For å få eit godt nok grunnlag for å ta standpunkt om konsesjon, må tiltakshavarane få pålegg om grundige nok undersøkingar i felt, ikkje berre å setje i hop innhaldet i eksisterande databasar.

[35] https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/retningslinjer/t-1458.pdf

Det er no dokumentert med radar at anlegga på Guleslettene, Okla og Bremangerlandet ligg i hovudleia for viktige fugletrekk. Det var tydeleg hevda, mellom anna frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane, at ut frå terrenget og eksisterande kunnskap om korleis fuglane trekkjer, var det grunn til å tru at turbinane ville komme i konflikt med fuglelivet. Åtvaringane har vist seg å stemme med realitetane, men fekk ikkje konsekvensar for standpunktet til søknadene. Miljødirektoratet hevdar at det viktigaste avbøtande tiltaket for å hindre skade på fuglelivet, det er valet av stad for å plassere turbinane, altså å la vere å gje løyve til å byggje der skadane kan bli store. På denne bakgrunnen meiner vi at NVE og OED la til grunn eit for strengt syn på kva som er gyldig kunnskap. Slikt kan ikkje halde fram. Krava til utgreiingar må vere større, og når det under høyringa kjem fram saklege påstandar om manglar, må svaret frå NVE vere tilleggsgranskingar.

NVE har, i eit utval av rundt 20 småkraftverksaker, fått dokumentert at dei fleste konsulentrapportane om konsekvensane for naturen var svært mangelfulle og sterkt misvisande. Både verdiane av områda og verknadene av tiltaka har dei sett for lågt. Vi har grunn til å tru at dette har vore minst like utbreidd i vindkraftsaker.

NVE skriv på side 37 at dei meiner «virkninger av vindkraftverk sjeldan vil være avgjørende for en arts nasjonale bestandsutvikling». Etter naturmangfaldlova er forvaltningsmålet å ta vare på naturtypar, økosystem og artar «innenfor deres naturlige utbredelsesområde». Det er ikkje nok at artar og naturtypar som har ei viss utbreiing, får overleve på ein eller få stader i landet. Eitt eller få vindkraftverk vil kanskje ikkje vere alvorleg trugande. Men med fleire slike store inngrep i dei restane som er igjen av lite påverka natur, meiner vi standpunktet på side 37 er risikabelt. Det gjeld både trekkfuglar og meir stadbundne artar. Vi har i konkrete saker sett NVE argumentere med at sidan den næraste turbinen står eit stykke frå til eit reir for hubro, vil reiret og fuglane kunne leve vidare. Dette meiner vi er å ta for lite omsyn til risikoen for eit anna utfall i tilfelle der kunnskapen er usikker.

Vi meiner òg at det er eit risikabelt standpunkt når NVE seier dei vil legge vekt på fuglar som står på raudlista, og mindre vekt på artar som ikkje er truga eller er norske ansvarsartar. Dette kan vere forsvarleg dersom talet på saker er få. Med fleire inngrep vil standpunktet lett få som konsekvens at fleire artar endar på raudlista. Også mange av dei som ikkje er komne dit, har frå før negativ utvikling i talet på individ og leveområde.

Omsyn til samla påkjenning er eit krav i naturmangfaldlova. Dette femnar om summen av eksisterande påverknad og verknaden av nye tiltak, ikkje berre summen av vindkraftverk. Sjølv om tillegget i påkjenning frå det nye tiltaket er moderat, kan dette gjere at summen av negativ påverknad vert for stor, at han passerer ei kritisk grense. Berre med større vekt enn tidlegare på omsynet til samla påkjenning og på føre var-regelen når kunnskapen er mangelfull, kan vindkraftsakene komme inn på eit forsvarleg spor i forvaltninga.

2.4 Det politiske kartet. Kommunane i SF sin uttale til å ha analyseområde i NRV:

Kommune	Positiv	Negativ	Kanskje
Gulen [36]		X	
Høyanger [37]		X	
Vik adm.[38]		X	
Hyllestad [39]		X	
Solund [40] nabo		x	
Fjaler [41]		X	
Gaular [42]		X	
Askvoll [43]		X	
Bremanger [44]		X	
Selje [45]		X	
Vågsøy	X		
Eid [46]			X

[36] https://innsyn.onacos.no/gulen/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=820&

[37]https://www.hoyanger.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=617&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10331&

[38] http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201801666/2510738

[39]https://www.hyllestad.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=681&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10038&https://www.hyllestad.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=681&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10038&

[40] https://innsyn.onacos.no/solund/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=741&

[41]https://www.fjaler.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=739&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10312&

[42]https://www.gaular.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=991&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10078&

[43]https://www.askvoll.kommune.no/innsyn.aspx?response=mote&moteid=1323&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10156&

[44]https://bremanger.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=5125&Mid1=11027&

[45] https://www.nrk.no/sognogfjordane/nve-onskjer-kommunen-til-vindkraft-_-men-kan-fa-motstand-i-nytt-kommunestyre-1.14658836

[46] https://eid.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=5352&

Vanylven MR [47]		x	
Vestland fylkeskommune [48]		X	

Bakgrunn for kommunane sine standpunkt om NRV i Sogn og Fjordane fylke:

Det store fleirtalet av kommunane som har areal i analyseområda i NRV meiner at desse ikkje er eigna for vindkraft, grunna omsyn til urørt natur, biologisk mangfald, friluftsliv, jakt og fiske, landskap, reiseliv og bulyst. Standpunkta organisasjonane i fylket viser til i fråsegna er såleis også godt politisk forankra i kommunane gjennom eit breitt folkeleg engasjement.

Organisasjonane og kommunane ser det som konfliktfylt om vindkraft kan byggast ut i verna vassdrag eller nær andre verneområde. Vi viser til forskrift om rikspolitiske retningsliner.[49]

2.5 Reduksjon av klimagassutslepp

Vindkraft ser ingen stad ut til å nå eit omfang som kan hamle opp med innsatsen av fossil energi. Vi har ikkje i Noreg, og heller ikkje i andre land, tvingar til dømes ut ein TWh fossil energi når det kjem like stor mengde alternativ energi i omløp. Kvotesystemet i EU verkar sakte og lite effektivt. Vi har heller ikkje sett overslag som viser kor mykje fornyeleg energi som må til for å nå dei vedtekne utsleppsreduksjonane, og heller ikkje tal som kan avsløre om slik energi er å finne i store nok mengder. Det er tydeleg at store nasjonar som Tyskland og England er svært langt frå å rekke sine ambisiøse mål, og heller ikkje har dei ny energi å finne som kan ta over etter kol, olje og gass. Fleire institusjonar har vurdert dette, og ingen kom i sine overslag i nærleiken av det som trengst[50].

Endå vanskelegare vert det når Noreg og andre rike land stadig set i verk ny verksemd som krev meir energi. Om nye selskap får kjøpe store mengder elektrisitet til datalagring – ein idé som ser ut til å vere populær – et dei fort opp straumen frå utbyggingar som får konsesjon, ofte med den grunngjevinga at krafta vil dempe eksisterande utslepp frå fossile energi. Vindkraft ser ut til å vere ein populær forretningsidé meir enn eit klimatiltak som har

---

[47] https://eid.kommune.no/innsyn_pluss/wfdocument.ashx?journalpostid=2019012673&dokid=1434782&versjon=1&variant=A&

[48] https://www.nrk.no/hordaland/disse-partiene-skal-styre-nye-vestland-fylke-1.14702722

[49] https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/

[50] David DC MacKay, *Sustainable Energy – without the hot air,* Cambridge 2009

effekt. Vi har aldri sett, frå regjeringane eller andre, overslag som illustrerer korleis nye kraftverk kan løyse problemet med utsleppa. I Tyskland har dei bygt ned store areal med vindturbinar utan å nærme seg eit kraftvolum som kan fjerne nemneverdig av CO_2-mengda frå fossilbålet. Vår oppfatning er at problemet med utslepp av klimagassar let seg ikkje løyse utan at vi dempar innsatsen av energi i samfunnet. Vi kan ikkje sjå nokon reell grunn til å byggje vindkraftverk som tiltak mot klimaendringar.

Global Carbon Project

Ein fersk rapport frå Global Carbon Project viser at fornybar energi ikkje erstattar, men i stor grad supplerer fossile energikjelder globalt. Fornybar energi veks ekstremt raskt globalt med ein årleg vekstrate på heile 13 prosent. Likevel kjem mykje av energien på toppen av det som allereie vert produsert. Unntaket er kolkraft, der kol vert utkonkurert både i USA, Canada og i EU. Verda sine klimagassutslepp auka med meir enn to prosent i 2018. Det er venta at utsleppa for 2019 også vil vere større enn i fjor. [51]

Krav

Nasjonal ramme må inngå i ein heilskapleg vurdering der vindkraft land/hav og alle relevante alternativ for fornybar energi, samt ulike kjelder for oppvarming og nedkjøling og omfattande energiøkonomisering utgreiast.

Konsesjonsprosessen

Fase 0 har blitt eit omgrep for den udemokratiske første og ikkje offentlege delen av konsesjonsførebuinga til vindkraftselskapa. Utbyggarselskap kontaktar og gjer avtaler med grunneigarar før kommunar og fylkeskommune er involvert. Dette skapar stor splid i bygdene, låg sosial trivsel og utryggheit.

Krav

Vi ber om at konsesjonsprosessen stiller krav om at utbyggar i første fase må starte med ei formell melding, dialog og avklaring med kommunar og fylkeskommune før ein vidare prosess med grunneigaravtalar kan kome i gang.

[51] https://www.klassekampen.no/article/20190924/ARTICLE/190929981

3. Bør OED fastsette ei nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg?

Utgangspunktet for den offentlege høyringa er bestillingsbrevet frå OED til NVE, dagsett 09.02.2017.

Føremålet med nasjonal ramme for vindkraft skulle vere å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valt når det vert søkt om konsesjon, og regjeringa hadde da eit ønske om å legge til rette for ein langsiktig utvikling av lønsam vindkraft i Noreg, med tilvising til energimeldinga (Meld. St. 25 (2015 – 2016)). Ramma skulle bidra til auke i føreseieleg og effektiv konsesjonsbehandling, og demping av konfliktar. Med andre ord, nasjonal ramme for vindkraft på land skulle vere eit verktøy for å styre effektiv utbygging av vindindustri på land.

For å svare på denne delen av høyringa er det viktig å skilje kva ein i realiteten snakkar om, og kva som faktisk er mogleg å gjere i røynda. For det første har vi i del 1 i notatet her, om FNF Sogn og Fjordane sin resolusjon om vindkraft på land, argumentert for kvifor det ikkje er politisk grunnlag for å legge til rette for meir vindindustri på land, basert på kunnskapsgrunnlaget og demokratiske prosessar. Difor har vi oppmoda OED om å stanse all vidare utbygging av vindindustri på land. Vi legg til grunn at styremaktene no tar dette på alvor. I så fall er det openbert ikkje behov for ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

Gjeve at det tross all motstand, og i strid med kunnskapsgrunnlaget og regelverket, framleis er politisk fleirtal for å bygge meir vindindustri på land etter høyringa er avslutta, så meiner FNF Sogn og Fjordane at det bør bli fastsett ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Ei slik ramme må i so fall vere basert på andre premissar, enn dei som no ligg føre i rapporten frå NVE.

Ifølge forslaget til nasjonal ramme for vindkraft skal ikkje ramma vere prosjektspesifikk, den skal ikkje vere ein utbyggingsplan, og konsesjonsbehandlinga skal avgjere om ein stad er egna for vindkraft. I samandraget til rapporten står det på side VII:

> Det følger av metodene som er anvendt at det vil være mange steder innenfor de utpekte områdene som er lite egnet for vindkraft. Samtidig kan steder utenfor områdene være egnet. (…) Det vil være mulig å søke om konsesjon også utenfor de utvalgte områdene.

Samtidig går det fram av rapporten frå NVE at den nasjonale ramma skal vere dynamisk, og kunne verte endra i tråd med endringar i kunnskapsgrunnlaget. Her er det for det første vanskeleg å sjå føre seg kva premissar som skal gjelde for endringar i den nasjonale ramma etter at den har blitt fastsett, og det verkar ikkje veldig føreseieleg når forslaget frå NVE

opnar for at det skal vere mogleg å søke om konsesjon utanfor dei områda som blir valt ut. Da blir ikkje konfliktnivået dempa. Difor skal vi her til slutt gje nokre fleire døme på inkonsekvent argumentasjon frå NVE, i deira grunngjeving for at nasjonal ramme skal tene føremåla.

NVE kjem med anbefalingar til det vidare arbeidet med den nasjonale

ramma i del F i sin rapport, og foreslår blant anna at NVE skal ha ansvaret for å koordinere arbeidet med temarapportane knytt til nasjonal ramme for vindkraft. Vi meiner at konsesjonsmynde og ansvar for koordinering av kunnskapsgrunnlaget bør skiljast. Det er naturleg at Miljødirektoratet har ansvar for å koordinere all kunnskap om natur og miljø, og at NVE forvaltar vass- og energiressursane basert på det same kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for alle sektorar og forvaltningsnivå.

Vidare anbefaler NVE at nokre typar søknadar om konsesjon skal bli behandla uavhengig av dei områda som er peika ut. Til dømes reetableringar og utviding av eksisterande vindkraftverk. NVE drøftar også kort kva som skal til for at nasjonal ramme tener føremålet, korleis ramma kan bidra til større føreseieleg lokalisering av vindkraftverk, og korleis ramma kan bidra til meir effektiv konsesjonsbehandling, og om konfliktdempande tiltak.

NVE skriv blant anna på side 215 i rapporten:

> Kunnskapsgrunnlaget, eksklusjonene og analysene i arbeidet med de utpekte områdene vil gi tydelige signaler om hvilke områder som bør vurderes som urealistiske. Det betyr at sannsynligheten for at det fremmes urealistiske prosjekter blir mindre som følge av den nasjonale rammen.
>
> …
>
> I oppdragsbrevet fra OED er ikke konfliktdemping angitt som et formål. Målet om å dempe lokale konflikter er imidlertid noe av bakgrunnen for at forslaget om en nasjonal ramme ble fremmet. Dette står det mer om i energimeldingen Meld. St. 25 (2015 2016).
>
> NVE mener at et omforent kunnskapsgrunnlag kan bidra til å løse enkelte faglige uenigheter som er basert på forskjellig kunnskap og ulike meninger om virkninger av vindkraft . Dette kan innebære et dempet konfliktnivå på et overordnet nivå.

> Samtidig er det etter NVEs vurdering tvilsomt at en statlig utpeking av egnede områder vil fjerne konflikter knyttet til konkrete prosjekter. Virkningene av et vindkraftverk vil være de samme, uavhengig av rammene rundt konsesjonsbehandlingen, og det er de konkrete virkningene som lokalbefolkningen oftest er opptatt av. Selv om enkelte misforståelser trolig kan unngås, og enkelte tema kan bli sett i et mer overordnet perspektiv, er det liten grunn til å anta at en hytteeier nær et mulig vindkraftverk vil bli mindre opptatt av virkningene for sin
>
> eiendom og friluftslivet i området. Som vist i del C kan vindkraftverk påvirke flere miljø og samfunnsinteresser, og de fleste vindkraftsaker vil trolig uansett ha et visst konfliktnivå.

Difor er det grunn til å spørje kva ein skal med ei nasjonal ramme, om ein likevel kan søke om konsesjon utanfor ramma, og kvifor ikkje ny kunnskap skal gjelde reetableringar og utviding av eksisterande vindkraftverk? NVE stadfestar i sine anbefalingar at det er tvilsamt at ei nasjonal ramme vil fjerne konfliktar knytt til konkrete prosjekt. Kva for ein funksjon skal ramma ha på det grunnlaget, når det er konsesjonsbehandlinga som skal avgjere om ein stad er egna for vindkraft eller ikkje?

Difor legg vi til grunn at ei nasjonal ramme for vindkraft på land skal vere føreseieleg både for allmenne og private interesser og omsyn, og i tråd med både regelverket og kunnskapsgrunnlaget. Ei nasjonal ramme for vindkraft kan altså ikkje vere eit verktøy for effektiv utbygging i seg sjølve, men må vere eit verktøy før å løyse reelle problem for ålmenta og samfunnet.

Med venleg helsing for

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

Alf Erik Røyrvik, styreleiar FNF Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator

Sogn og Fjordane Turlag	Naturvernforbundet i SF	NJFF i SF
Ron Overdevest	Nyonga Amundsen	Alf Erik Røyrvik

NOF Sogn og Fjordane
Anders Braanaas

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722
www.fnf-nett.no/sognogfjordane
sognogfjordane@fnf-nett.no